



VOSS HERAD

Kommuneplan 2020-2031

Visjon, hovudmål og strategiar





Hovudmålet i Voss herad er å vera eit sterkt og attraktivt regionsenter. Voss er ei kulturbygd og ein reiselivsdestinasjon – der tradisjon og utvikling går hand i hand. Sjølv om heradsorganisasjonen sitt samfunnsoppdrag endrar seg i eit roleg tempo, endrar omgjevnadane seg i eit større tempo. Menneske, teknologi, infrastruktur, næringar, trendar og haldningar er i kontinuerleg endring. Heile Voss herad og heradssenteret Vossevangen må oppretthalda posisjonen som ei drivkraft for vekst i regionen både ovanfor eigne lokalsenter og nærsenter, men òg for nabokommunar.

Strategiane for å nå hovudmålet er delt i tre kategoriar. **ATTRAKTIVE VOSS**, **INNOVATIVE VOSS** og **INKLUDERANDE VOSS**. Kvar strategi har sin eigen visjon. Dei tre strategiane er hovudkapitla i samfunnsdelen – i tillegg til arealstrategien. Dei tre kapitla viser måla og strategiane for at Voss herad skal nå hovudmålet – og strekkja seg mot visjonane.

Voss er ikkje berre sentrum, ekstremспорт og verdsmeistrar. Me er òg eit lokalsamfunn, eldsjeler, kvardagsmenneske, breiddeidrett, lag og organisasjonar, ski og fjordar.

Regionsenteret Voss har sin plass i eit globalt fellesskap, der menneske, stadar og land påverkar kvarandre. Berekraftsmåla til FN er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, utlikna ulikskapar og stoppa klimaendringar innan 2030. Voss skal ta ansvar slik at me når berekraftsmåla. Dette skal me gjera ved å ha dei tre berekraftselementa med oss i planlegginga.

For å veksa på riktig måte må me ha mål og strategiar som sikrar sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Berekraft handlar om å ta vara på naturen og naturressursane, det handlar om å ha noko å leva av og noko å leva for. Dei tre strategiane i planen handlar alle om korleis me vil at framtida i Voss skal bli. I denne planen svarer dei tre strategiane på kvart sitt berekraftselement.

INKLUDERANDE VOSS

BYGD FOR ALLE

Sosial berekraft skjer ved at innbyggjarane opplever tilhøyrse til nærmiljøa og lokalsamfunnet, gjennom sosiale nettverk og bruer mellom dei som bidreg til ein kultur prega av openheit, tillit og tryggleik. Små forskjellar byggjer fellesskap og kan bidra til høg tillit innad i samfunnet. Tillit gjer det enklare å samhandla på dei fleste områder. Det handlar òg om å skapa gode, helsefremjande omgivnader for menneske å opphalda seg i. Me må jobba med å skapa mindre forskjellar mellom folk. Foreldre må få den støtta og oppfølginga dei treng for å skapa trygge omgivnader for barna som skal byggja morgondagen sitt samfunn. Sosiale media og fridom til å ta eigne val utfordrar dei unge si evne til refleksjon og handlingsevne, noko som krev meistringsopplevingar og trygge sjølvbilete. Trygge sjølvbilete er igjen avgjerande for å byggja kunnskap, kulturell og sosial kompetanse som framtidig arbeidsliv vil krevja. Utdanning er avgjerande for arbeidsdeltaking, helse og dermed kommunen si sosiale og økonomiske berekraft. Me har som mål at alle skal ha moglegheit til å meistra kvardagen og realisera sitt potensiale.

INNOVATIVE VOSS

MED RØTER OG VENGJER

Økonomisk berekraft handlar om at næringslivet må ha gode rammevilkår for at det skal kunne utviklast nye næringar og at noverande næringar kan veksa. Ein viktig del av den økonomiske berekrafta er at så mange som mogeleg er i jobb og kan ta del i arbeidslivet. Menneskelege ressursar i lokalsamfunnet må sleppa til og få handlingsrom til å utvikla evner, kunnskap og kompetanse. Samtidig er det avgjerande at dei som kan og vil får høve til å yta med ressursane sine i lokalsamfunnet. Tenestene til kommunen må også vera økonomisk berekraftige. Det betyr at innbyggjarane i større grad må ta ansvar for å meistra eige liv.

ATTRAKTIVE VOSS

BYGD FOR STERKE OPPLEVINGAR

Miljømessig berekraft krev at me gjer nokre grep slik at miljøet rundt oss kan bestå til glede for dei som kjem etter oss. For å skapa miljømessig berekraft må me redusera klimagassutslepp, tilpassa oss endringar i klimaet, reisa annleis, bruka areala våre på ein betre måte og verna om naturressursane. Me må satsa meir på sirkulær økonomi som betyr gjenbruk, reperasjon, materialgjenvinning i eit kretsloop der færrast mogleg ressursar går tapt og der produkta og ressursane i dei blir verdsett høgt. Det må arbeidast målretta for å redusera utslepp som oppstår i Voss og andre stader i verda som ein konsekvens av forbruket vårt.

HOVUDTEMA I KOMMUNEPLANEN

